



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kristine Hetlesæter, 5764 3142

Vedtak om avslag på søknad om etablering av oppdrettsanlegg for Eide Fjordbruk AS på lokaliteten Ulveneset i Kvinnherad kommune

Statsforvaltaren avslår søknaden frå Eide Fjordbruk AS om etablering av anlegg på lokaliteten Ulveneset i Kvinnherad kommune. Avslaget er grunngjeve med at det er risiko for irreversibel skade på sterkt trua natur, og at miljøtilstanden i Hardangerfjordsystemet som heilskap har vist ei negativ utvikling over lang tid.

Vedtaket er gjort med heimel i forureiningslova § 11, med prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12 lagt til grunn for avgjerda.

Vi viser til søknad frå Eide Fjordbruk AS datert 26.02.2020.

Vedtak

Statsforvaltaren avslår søknaden frå Eide Fjordbruk AS om etablering av akvakulturanlegg for ein produksjon på inntil 2340 tonn maksimalt tillaten biomasse (MTB) matfisk av laksefisk ved lokaliteten Ulveneset i Kvinnherad kommune, jf. § 11 i forureiningslova.

Varsel om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjevne i forureiningsforskrifta kapittel 39. Ressursbruken knytt til saksbehandlinga blir lagt til grunn ved val av gebyrsats.

På grunnlag av arbeidsmengda som søknaden om etablering av eit nytt akvakulturanlegg ved Ulveneset medfører for Statsforvaltaren, varslar vi at gebyret vil bli fastsett til gebyrsats 4, jf.



forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye og endring av løyve. Det vil seie at gebyret vil bli på 141 900 kroner.

Dersom vi ikkje mottek merknader til varselet om gebyr innan tre veker, blir det gjort vedtak i samsvar med det som er varsla over.

Kort om bakgrunnen for saka

Eide Fjordbruk AS søker om løyve til etablering av akvakulturanlegg for produksjon av inntil 2340 tonn MTB matfisk av laksefisk ved lokaliteten Ulveneset i Kvinnherad kommune. Anlegget er planlagt å bestå av seks semilukka einingar av typen Watermoon, plassert på to rekker innanfor areal sett av til akvakultur i Kvinnherad kommune sin arealplan, datert 22.03.2018.

Eide Fjordbruk grunngjev søknaden med eit stort behov for utvida lokalitetskapasitet. Verksemda meiner at akvakultur basert på bruk av semilukka teknologi med slamoppsamling både er berekraftig og framtidsretta med omsyn til høvesvis lakselus, marine naturførekomstar og arealbruk i sjøområda.

Statsforvaltaren sette alle nye søknader i Hardangerfjorden på vent våren 2023 i påvente av nytt kunnskapsgrunnlag, med bakgrunn i Statsforvaltaren si uro for miljøtilstanden i fjorden¹. 05.11.2025 vart rapporten «Hardangerfjorden under press» frå Havforskningsinstituttet publisert². Statsforvaltaren har på bakgrunn av dette teke opp att handsaminga av søknadene i det aktuelle området, inkludert søknaden ved Ulveneset.

Korrespondanse

Den opphavlege søknaden er datert 26.02.2020, og vart oversendt frå Vestland fylkeskommune til kommunen og sektormyndigheitene den 10.03.2020. Kommunen si handsaming av saka vart ettersendt 14.05.2020.

Mattilsynet av slo søknaden i juli 2020, og på bakgrunn av deira avgjerd varsla Statsforvaltaren at vi utsette handsaming av søknaden til avslaget eventuelt vart omgjort. Eide Fjordbruk justerte deretter søknaden til å gjelde semilukka einingar. Mattilsynet gjorde ei ny vurdering av søknaden, og klarerte lokaliteten for ein MTB på 2340 tonn den 17.10.2023. Statsforvaltaren hadde på dette tidspunktet ytra uro for miljøtilstanden i Hardangerfjorden, og søknaden vart sett på vent på lik linje med andre akvakultursøknader i området.

Då Statsforvaltaren varsla at vi tok opp att sakshandsaminga i Hardangerfjorden, gav vi søkerane høve til å ettersende ny informasjon eller eventuelle endringar i søknadene. Eide Fjordbruk sendte inn opplysningar kor dei skildrar endringar i val av merdteknologi og legg fram sitt syn på kunnskapsgrunnlaget og Hardangerfjorden sin kapasitet for auka akvakulturproduksjon.

Merknader og fråsegner

Søknaden har vore lagt ut til offentleg ettersyn i fire veker. Det kom ikkje inn merknader til søknaden. Kommunen skriv i sin uttale at dei etter ei samla vurdering tilrår at søknaden vert innvilga.

¹ [Eutrofiering av Hardangerfjorden | Statsforvaltaren i Vestland](#)

² [Hardangerfjorden under press | Havforskningsinstituttet](#)



Rettsleg utgangspunkt

Forureiningsforskrifta kapittel 34

I februar 2024 tok nytt regelverk i forureiningsforskrifta kapittel 34 (akvakultur av fisk) til å gjelde. Dette inneber at løyve etter forureiningslova for å førebyggje og redusere forureining og avfallsproblem frå akvakultur i hovudsak vert erstatta av standardkrav i akvakulturdriftsforskrifta.

Jf. forureiningsforskrifta § 34-2 andre ledd kan Statsforvaltaren i nokre tilfelle framleis bestemme at oppdrettsanlegg ikkje kan driftast utan løyve etter forureiningslova. Dette gjeld dersom ein finn grunn til å tru at utsleppa vil medverke til at resipienten si tolegrense overskridast, dersom lokaliteten ligg i ein vassførekomst der tilstanden er klassifisert som dårlegare enn god, dersom trua eller viktig marin natur kan bli negativt påverka av utsleppa, eller dersom andre særlege forhold tilseier det.

Søknader som vart sendt inn før regelverksendingane, og som låg inne til handsaming hos Statsforvaltaren, vert også handsama etter dette nye regelverket.

Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på ulempene ved tiltaket som er knytte til forureining, haldne saman med fordelar og ulemper som tiltaket elles vil føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve for er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at myndigheitene skal syte for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

Nasjonalt prioriterte stoff

Noreg har eit mål om å stanse utslepp av helse- og miljøfarlege stoff. Utslepp av stoff og stoffgrupper på den nasjonale prioritetslista skal reduserast vesentleg og på sikt stansast.

Statsforvaltaren si vurdering

Grunngjeving for handsaming av søknaden etter forureiningslova

Statsforvaltaren vurderer at det omsøkte anlegget ved Ulveneset ikkje kan regulerast etter kapittel 34 i forureiningsforskrifta, fordi anlegget er planlagt med semilukka einingar. Forskrifta regulerer opne merdanlegg i sjø, og omfattar ikkje anlegg som er avhengige av vassinntak og avløp. Vi handsamar difor søknaden etter forureiningslova.



Plassering og resipient

Lokaliteten Ulveneset ligg på nordsida av Hardangerfjorden, tvers overfor Sniltveitsøy i Kvinnherad. I det planlagte anleggsområdet skrår botnen svært bratt nedover, før den flatar ut ned mot 600 - 650 meters djup ved fjordbotnen. Lokaliteten ligg i vassførekomsten Kvinnheradsfjorden, i den midtre delen av Hardangerfjorden.

Hardangerfjorden har ei lang historie med store utslepp, i første rekke frå tungindustrien inst i Sør fjorden og i Samlafjorden. Dei siste femti åra har det vore ei auke i tilførsler av nærings salt og organisk materiale, i hovudsak som følgje av framveksten av ei stor akvakulturnæring.

Statsforvaltaren har i tråd med naturmangfaldlova § 10 vurdert påverknaden på Hardangerfjorden ut frå den samla belastninga på økosystemet, og dei fysiske forholda er omtalt nærare fordi dei er av betydning for resipienten si kapasitet til å omsette organiske utslepp. Hardangerfjorden er lang, og har fleire djupbasseng som er skild av tersklar med ulik djupne (figur 1). Den ytste terskelen er om lag 150 m djup, der E39 går i tunell under Bømlafjorden frå Stord til Sveio. Sør for Huglo, ved overgangen til Husnesfjorden, er det også ein terskel på om lag 150 m. Djupna i fjordbassenget aukar gradvis innover fjorden, frå om lag 400 m til om lag 650 m i Kvinnheradsfjorden, Sildafjorden og Hissfjorden. I Hissfjorden, ved Vikingenes, er det ein djup terskel på om lag 520 m. Herifrå aukar djupna ytterlegare, og i Samlafjorden er fjordbassenget om lag 850 meter djupt. Lenger inn i fjorden blir djupna gradvis grunnare, og ved innløpet til Sør fjorden er det ein terskel på 250 m.



Figur 1: Undervassstopografi i Hardangerfjorden. Tersklar er teikna inn med raude strekar ved Otterøya (1 – 150m), Huglo (2 – 150m), Vikingeneset (3 – 520m), Etnesfjorden (4 – 60m) og Sør fjorden (5 – 250m). Dei største vassførekomstane som utgjer fjorden er teikna inn med namn og grense. Kart henta frå overvakingsprogram for Hardangerfjorden 2024 – 2026. Lokaliteten Ulveneset er markert med raud prikk.



Kvinnheradsfjorden (Vassførekomst-ID 0260040200-C), står oppført med god økologisk tilstand og dårlig kjemisk tilstand i Vann-Nett. Den økologiske tilstanden var fram til 2025 klassifisert til moderat grunna høge målte nivå av sink. Det er nyleg lagt inn fleire målingar som bidreg til å trekke gjennomsnittsverdien ned til 129,4 mg/kg, og sinknivåa i vassførekomsten hamnar difor samla sett i tilstandsklasse II, god tilstand. Klassegrensa frå god til moderat tilstand er ved 139 mg/kg.

Den dårlege kjemiske tilstanden i vassførekomsten kjem av høge nivå av kvikksølv og andre industristoff i sedimenta.

Kjende kjelder til påverknad på vassførekomsten er historiske utslepp frå større industriverksemder i Hardanger, og utslepp frå dei fire matfiskanlegga Djupevika, Hågardsneset, Brandaskuta og Skorpo NV, som til saman er klarerte for ein total MTB på 14 040 tonn.

I Kvinnheradsfjorden har vi tre nye akvakultursøknader til handsaming, som til saman utgjer ei auke i MTB på 9540 tonn i vassførekomsten. Alle dei tre søknadene gjeld anlegg med semilukka einingar med slamoppsamling. Ut ifrå førebelse erfaringsdata om utsleppsreduksjon vil dei tre tiltaka det er søkt om årleg føre til utslepp av organisk materiale som svarer til ureinsa kloakkutslepp frå om lag 110 000 menneske (personekvivalentar, PE).

Vurdering av marint naturmangfald

Anlegget ved Ulveneset er planlagt å ligge over hardbotn som skrånar bratt i søraustleg retning, ned til djupner på rundt 600 meter. Frå botn av skråninga er det blautbotn utover mot midten av fjorden. Straumen som er målt ved lokaliteten viser jamne straumtilhøve, med hovudretning for vasstransport i sørvestleg retning ved alle djup. Det marine naturmangfaldet ved Ulveneset er kartlagt ved to høve, då det var to aktørar som søkte om etablering av akvakulturanlegg på same lokalitet. Det er til saman gjort kartlegging ved seks søkelinjer innanfor 1 km frå planlagt anleggsplassering.

I område med blautbotn vart det registrert talrike førekomstar av Bambuskorall (*Isidella lofotensis*), i fleire område i mengder og tettleik som utgjer den raudlista naturtypen bambuskorallskog. Det vart avgrensa to område for naturtypen – eitt område like søraust for det planlagde anlegget, og eitt område om lag 800 meter sørvest for anleggsplasseringa. Rapporten frå kartlegging og konsekvensvurdering vurderer at «*Truleg er dei to avgrensa førekomstane er del av ein meir eller mindre samanhengande førekomst av bambuskorallskogbotn i djupområdet langs skråninga*».

Naturtypen bambuskorallskog fekk nytt namn i samband med oppdateringa av norsk raudliste for naturtypar som vart ferdig i 2025, og heiter no *djup hornkorallskog på mudderbotn i atlantisk vatn*. Naturtypen er vurdert til sterkt trua (EN) med bakgrunn i avgrensa geografisk utbreiing. Naturtypar som er sterkt trua har svært høg risiko for å gå tapt i Noreg. Akvakultur er saman med botntråling vurdert som faktor for påverknad på naturtypen;

«*Havbruk kan også påvirke naturtypen, særlig i fjordene. Så vidt vi vet finnes det ingen spesifikke studier om virkningen av akvakultur på I. lofotensis. Men gitt økende indikasjoner på påvirkning på andre koraller og svamper (Dunlop et al. 2021, Kutti et al. 2022, Laroche et al. 2022), er det sannsynlig at det er en viss forringelse når naturtypen står nær oppdrettsanlegg (for eksempel innen 1 km). Dette er drevet av organisk fekal utslipp fra oppdrettsanlegg, som endrer næringsstoffnivåer og øker eksponering for*



tungmetallpartikler og sedimentasjonsrater, hvilket har en negativ effekt på helse og overlevelse hos marine bunndyr, særlig suspensjonsførende organismer³.»

I tillegg til bambuskorallforekomstane vart den nær trua (NT) arten kjøtkorall (*Anthomastus grandiflorus*) registrert i bratte hardbotnområde. Det vart observert ansamlingar av kjøtkorall med spreidde forekomstar over heile influensområdet til anlegget, på djupner mellom 590 – 282 meter. Artsdatabanken opplyser i si raudlistevurdering at kjøtkorall er ein art med yngelpleie som har larvar som ikkje tar næring i plankton. Arten sin evne til å spreie seg er derfor liten. Arten er vurdert som nær trua (NT) på basis av få bestandar og at bestandane er kraftig fragmenterte. Det er også registrert augekorall (NT), sjøtre (NT) og risengrynskorall (LC) i området. Konsekvensvurderinga som er gjort i samband med søknaden konkluderer med at ei etablering av akvakulturanlegg ved Ulveneset samla sett vil medføre middels til stor negativ konsekvens for korallforekomstane i området.

Når vi ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om effektane eit tiltak vil ha på naturmangfaldet, skal det takast sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet, jf. føre-var-prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova. Om ein skade er vesentleg vil avhenge av ein konkret vurdering av blant anna kor omfattande skaden vil bli, om skaden er varig eller forbigåande og kor trua eller verdifullt naturmangfaldet som kan bli utsett for skade er.

Koralldyr er svært sårbare for utslepp av organiske partiklar frå matfiskanlegg, og bruker lang tid på å reetablere seg etter påverknad⁴. Fordi korallar er fastsitjande og veks svært langsamt har dei ein låg motstandsdyktigheit mot endring i lokale miljøforhold. Funna ved Ulveneset utgjør ein naturtype som er vurdert til sterkt trua på norsk raudliste for naturtypar, i tillegg til fleire funn av artar med raudlistestatus nær trua. Utbreiinga av den strekt trua naturtypen er sannsynlegvis større enn det som er avdekka i kartlegginga. Straumen som er målt ved spreingsdjupet for utslepp frå anlegget har hovudretning mot dei største korallforekomstane, og sett i samanheng med dei topografiske tilhøva har vi grunn til å tru at partikulære utslepp kan spreiest over større avstandar. Risiko for negativ påverknad på sårbart marint naturmangfald vert vurdert å vere høg. Statsforvaltaren vurderer at det føreligg ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på natur som må reknast som vesentleg. Føre-var-prinsippet må difor vektleggast ved Ulveneset.

Oksygen i djupvatnet

Oksygen er grunnleggande for biologiske og biogeokjemiske prosessar i havet. I terskelfjordar som Hardangerfjorden vil oksygenet i djupvatnet brukast opp over tid dersom det ikkje skjer jamlege djupvassfornyningar. Nedgang i oksygenkonsentrasjon kan komme av auka temperatur, auka tilførsel av organisk stoff og næringssalt, eller ein kombinasjon av desse.

Det er rapportert om nedgang i oksygenkonsentrasjonen i fleire terskelfjordar på Vestlandet, og data frå Hardangerfjorden samsvarer godt med rapportar frå andre fjordsystem. Data frå Byfjorden utanfor Bergen viser stabile oksygenforhold fram til 1990-talet, men ein klar nedgang etter dette⁵. Oksygenkonsentrasjonen i Byfjorden er godt dokumentert, og kunnskapen om utviklinga over tid er unik samanlikna med andre fjordsystem der historiske data ofte manglar eller er svært avgrensa. Auke i havtemperatur gjer at fjordane våre toler mindre tilførsel av næringssalt og organisk stoff.


³ [Norsk rødliste for naturtyper 2025 Dyp hornkorallskog på mudderbunn i atlantisk vann | Artsdatabanken](#)

⁴ Hardangerfjorden under press, Utslipp og miljøtilstand. Rapport fra havforskningen NR. 2025-66.

⁵ [Vurdering av oksygentrender i norske farvann - miljodirektoratet.no](#)



Statsforvaltaren har samla målingar av oksygen i botnvatnet for dei djupaste delane av Hardangerfjorden som er offentleg tilgjengelege (figur 2). Måledata er tilgjengeleg i databasen Vannmiljø⁶. Målingar frå 50-talet vart publisert av oseanograf Odd Henrik Sælen ved Universitetet i Bergen i 1962⁷.



Figur 2. Oksygeninnhald (ml/l) i botnvatnet for vassførekomstar som utgjer dei djupaste delane av Hardangerfjorden. Grense mellom god og moderat tilstand (3,5 ml/l) er merka med raud stipla linje. Data frå før 2010 er skilt ut av den kontinuerlege tidslinja for betre visualisering. Data er henta frå vannmiljø.no. Data frå 50-talet er henta frå rapporten «The natural history of the Hardangerfjord» (Sælen, 1962).

Vi har samanhengande måleseriar av oksygeninnvået i botnvatn i Kvinnheradsfjorden frå 2016 til 2023. Målingane viser eit mønster som er typisk for norske fjordar, med eit oksygenforbruk som fører til nedgang i nivåa, og pulsar med tilførsler av friskt, oksygenrikt vatn. Minimumsnivåa av oksygen vert i måleperioden noko lågare mellom kvar tilførsel av nytt vatn.

Kvinnherads-, Silda-, og Hissfjorden tilhøyrer same terskelbasseng, og dekkjer området mellom terskelen ved Huglo og terskelen ved Vikingenes. Figur 2 viser at oksygeninnvået i dei tre vassførekomstane følgjer same mønster. Medan måleseriane for Kvinnherads- og Hissfjorden stoppar i 2023, har vi nyare overvaksingsdata frå Sildafjorden, som kan gi ein indikasjon på utviklinga i dei tilstøtande vassførekomstane. Målingane i Sildafjorden i 2024 og i 2025 viser ein ny periode med oksygenforbruk i botnvatnet, ned til oksygenkonsentrasjon på 3,79 ml/l tidleg i 2025. Det vil seie at dei lågaste målte oksygenkonsentrasjonane nærmar seg klassegrensa frå god til moderat miljøtilstand (3,5 ml/l) etter vassforskrifta. Oksygendata frå 2025 gjer grunn til å tru at det nyleg har vore ei utskifting av botnvatnet i Hardangerfjorden. Utskiftinga i 2025 er eit godt teikn for fjordbassenget i dei tre vassførekomstane. Samtidig finn vi ein negativ trend over tid, og eldre overvaksingsdata syner at det har skjedd store endringar sidan 50-talet.

⁶ [Vannmiljø](#)

⁷ *The natural history of the Hardangerfjord*. Publisert i tidsskriftet Sarsia, 1962. Tilgjengeleg via [Nasjonalbiblioteket](#).



Måledata frå ein målestasjon i Hissfjorden på 50-talet viser at gjennomsnittleg oksygennivå i perioden 1955/56 var på 5,98 ml/l ved 600 meters djup. Til samanlikning var gjennomsnittsnivået i 2020 på 4,15 ml/l. Det vil seie at det har vore ein reduksjon i oksygeninnhald i botnvatn på 1,83 ml/l frå 50-talet og fram til i dag.

Nedgangen i oksygennivå i botnvatnet må sjåast i samanheng med klimaendringane og dagens utsleppsmengder til Hardangerfjorden. Det samla biletet gir grunn til å tru at fjordsystemet i framtida vil ha mindre resipientkapasitet, og at auka utslepp vil kunne bidra til å forsterke trenden med nedgang i oksygennivå. Statsforvaltaren si vurdering er at den utviklinga vi ser for oksygen i botnvatnet i Hardangerfjorden ikkje er foreinleg med å tillate auke i tilførsler av næringssalt og organisk stoff til fjordsystemet, jf. naturmangfaldlova § 10 om samla belastning.

Vurdering av eutrofiering

Tilførsel av oppløyste næringssalt gir grunnlag for vekst av både trådforma opportunistiske algar (lurv) i strandsona og planteplankton i dei øvre vasslaga. Plantebiomassen vert broten ned av naturlege prosessar etter vekstsesongen. Nedbrytinga krev oksygen – både i vassøyla og på botnen – og kan dermed forsterke eksisterande oksygenproblem i fjorden. Klimaendringar bidreg òg, gjennom meir avrenning (med næring og humus), høgare temperatur og lengre vekstsesong.

Den dokumenterte tilstanden for makroalgar i Hardangerfjorden har dei siste 10 åra vore god og svært god⁸. Lurveartar som er kjente indikatorar for eutrofi vart nyleg ekspertvurdert og definert⁹, og ny kunnskap reiser spørsmål rundt om indikatorar for eutrofi på makroalgesamfunn i strandsona har vore godt nok definert og inkludert i metodar for klassifisering av økologisk tilstand. Metode for tilstandsvurdering av makroalgesamfunn er under utvikling¹⁰. Kartlegging etter ny metode i 2024 viste dårleg tilstand for makroalgesamfunn i indre deler av Hardangerfjorden. Stasjonar i Sildafjorden og Husnesfjorden viste god tilstand, sjølv om det også her vart registrert lurv¹¹.

Den dokumenterte tilstanden for planteplankton målt som klorofyll-a i øvre vassmassar i Hardangerfjorden har dei siste ni åra vore god og svært god. Vår vurdering er at data er for få og for nye til å vise historiske trendar, men dagens miljøtilstand for klorofyll-a vert vurdert som tilfredsstillande. Store naturlege variasjonar mellom år understrekar behovet for lengre tidsseriar.

Modellering frå Havforskningsinstituttet viser at auka tilførsler av næringssalt frå eksisterande og planlagde akvakulturanlegg kan gi høg risiko for eutrofiering fleire stader i Hardanger, mellom anna er midtre område av Hardangerfjorden¹² vurdert å vere særleg utsette.

Vurdering av utslepp av sink

Utslepp av sink frå havbruksnæringa kjem frå fôr og impregneringsstoff på nøter. Fôret vert tilsett sink fordi stoffet er eit essensielt spormineral som trengst for å sikre god fiskehelse, vekst og utvikling. Svært lite vert tatt opp i fisken, og det meste hamnar i miljøet. Sink hopar seg i hovudsak opp under og ved merdane, men kan over tid medverke til redusert tilstand i resipientane.

⁸ *Hardangerfjorden under press – utslipp og miljøtilstand*. Rapport fra Havforskningen 2025-66.

⁹ *Hva er lurv? Er all lurv indikator for dårlig økologisk tilstand?* NIVA-rapport, løpenummer 7968-2024.

¹⁰ *Revidert felt- og beregningsmetodikk for Komboinndeksen (makroalger). For bruk inntil inkludering i Veileder for klassifisering av miljøtilstand i kyst- og ferskvann*. NIVA-rapport, løpenummer 8101-2025.

¹¹ *Overvåkningsprogram for Hardangerfjorden 2024-2026*. Rapport frå Multiconsult, dokumentkode 10254166-01-RIM-RAP-001.

¹² Figur 4.7 i rapport *Hardangerfjorden under press – utslipp og miljøtilstand*. Rapport fra Havforskningen 2025-66.



Historisk har det vore store sinkutslepp frå industrien inst i Sørfjorden. I 1985 var utsleppa på heile 1830 tonn. Strengare regulering og utvikling av reinseteknologi har medverka til utsleppsreduksjon, og rapporterte utslepp i 2023 var 2 tonn. Det utgjer ein reduksjon på 99,9%. Spora etter dei store utsleppa på 80-talet ligg att i sedimenta i Hardangerfjorden heilt ut til Tysnes, og det er behov for å redusere utslepp av sink til Hardangerfjorden.

Kvinnheradsfjorden står oppført med god tilstand for sink i Vann-Nett. Snittverden for målingane som er nytta i klassifiseringa er 129,4 mg/kg tv er like under grensa for dårleg tilstand (139 mg/kg). Tilstandsvurderinga er basert på gjennomsnittet av 21 sinkmålingar i vassførekomsten, kor ni av prøvane er over grenseverdien på 139 mg/kg, og tolv prøvar er under grenseverdien. Dei fleste målingane frå dei djupare delane av vassførekomsten viser høgare konsentrasjonar enn dette, tilsvarande nivå for moderat tilstand. Vi vurderer at auka tilførsler av sink til vassførekomsten vi gi vesentleg risiko for overskriding av klassegrensa til dårleg tilstand, som vil medføre at ein bryt med miljømåla i vassforskrifta. Sinktilførsleane til Kvinnheradsfjorden bør etter vår vurdering ikkje auke, og vi ser det ikkje som akseptabelt å tillate nye tilførsler frå etablering av akvakulturanlegg ved Ulveneset.

Vurdering av samfunnsnytte

Havbruksnæringa produserer sjømat, og skaper arbeidsplassar og verdiar for Noreg. Ei etablering av eit nytt akvakulturanlegg ved Ulveneset vil skape nye arbeidsplassar, som vil kunne få positive ringverknader i kommunen og lokalmiljøet.

Bakgrunnen for Eide Fjordbruk sin søknad ved Ulveneset er at dei ønsker å ta i bruk lukka teknologi på fleire av sine lokalitetar. Dei viser til at Watermoon-teknologien dei planlegg å nytte vil gi miljøgevinstar i form av ingen rømming, ingen utslepp av lakselus og utsleppsreduksjon frå reinsing av avløpet.

Statsforvaltaren er einig i at det er positivt å nytte teknologi som reduserer utslepp og miljøpåverknad frå produksjonen og betrar fiskevelferd. Eide Fjordbruk har sendt inn førebelse estimerte data for reinsegrad for dei lukka einingane som ligg over det vi har sett på tilsvarande anlegg i Vestland til no. Det føreligg svært lite erfaringsdata for reinseteknologien verksemda nyttar, og det er etter vår vurdering noko usikkerheit knytt til faktisk oppnådd reinsegrad. Utsleppa vil uavhengig av reinsegrad vere av vesentleg storleik, og det er grunn til å tru at resipienten har svært avgrensa kapasitet til å omsetje særleg større utslepp enn det som alt er tillate i dag. Statsforvaltaren vurderer at sjølv med dei utsleppsreducerande tiltaka som er skildra kan vi ikkje sjå at samfunnsnyttan på lang sikt veg tyngre enn risikoen for skade på natur og miljø i Hardangerfjordsystemet.

Konklusjon

Statsforvaltaren har konkludert med at ei etablering av akvakulturanlegg med ein MTB på 2340 tonn ved lokaliteten Ulveneset ikkje er akseptabel sett i lys av forureiningslovas formål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av dei forureiningsmessige ulempene ved produksjonsauken, samanstillt med fordelar og ulemper utvidinga ved lokaliteten elles vil medføre, avslår vi søknaden om etablering av akvakulturanlegg ved Ulveneset i Kvinnherad kommune, jf. forureiningslova § 11. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12 er lagt til grunn for avgjerda.



Klagerett

Eide Fjordbruk AS og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg bør andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka takast med.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren sender kopi av dette brevet med vedlegg til aktuelle partar i saka.

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Lars Martin Færseth
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL

Mottakerliste:

EIDE FJORDBRUK AS	Støavegen 98	5640	EIKELANDSOSEN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN